


Harald Sætre, her på Sandakaaien

Med Tide og selskapet som står bak den freda ferja Skånevik som støttespelarar har Harald Sætre frå Uskedalen gjort ein ny storinnsats. Den ihuga fartøyvernaren reiste på den andre sida av århundreskiftet rundt i Hordaland og gjorde filmopptak på alle ferjestrekningane i fylket. No føreligg resultatet som må karakteriserast som eit unikt historisk dokument av stor verdi.



Ei av dei presenterte ferjene er Oster, som gjekk mellom Stamneshella og Vikanes (Foto frå filmen)

Stort sett er opptaka gjort i 1996 og sjølv om det berre er 16 år sidan har allereie ruteopplegg og trafikkmonster gjennomgått betydelege endringar. Det kan ein lett registrera av opptaka og ikkje minst difor er dei så verdifulle.



Ferja Kvinnherad legg til i Kvinnherad (Foto frå filmen)

Dei presenterar meir enn 30 ferjer av ymse årgang og standard og byr også på dokumentasjon av anna enn sjølve ferjefarten. Vi tenkjer her ikkje minst på Nordhordlandsbrua som er under slep og montering når uskedelingen stillar opp med kameraet.

Ellers vil mange dra kjensel på vener og kjente når dei ser filmen og det er grunn til å setja ein stor strek ved musikk- og visevalget som er gjort med fin hand. Her er det god timing mellom bilete og musikk/song

Ellers er det både logisk og prisverdig at inntekter av plata går til dei som jobbasr med Skånevik, ein verdig representant for dei mange og fine ferjene.

Tekst: Ola Matti Mathisen

Foto: Harald Sætre og Kristian Olav Bringedal